



Erlend Vaktskjold
Fagervollen 37
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/3647 - 16/30579

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.11.2016

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - gbnr 56/138 Hundvin - garasje

Teknisk drift syner til brev datert 29.10.2016 vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift har gitt uttale til byggesak, datert 28.04.2014, vedkomande dispensasjon frå byggegrense mot veg. Her vart det gitt melding om at garasje kom nære offentleg leidningsnett enn 4.0 meter. Vi satte derfor vilkår om avstand til leidningsnettet i denne uttalen (sjå utsnitt under).

Teknisk drift har motteke søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 56/138 Hundvin. Vi har vore på synfaring og vurdert forholda på staden. Det vert søkt om plassering av garasje med avstand 4.0m frå midt kommunal veg. Garasje kjem ved denne plasseringa i siktzone til eigen avkjørsle. Garasje må flyttast lenger inn. Teknisk drift kan gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 5.0m.
- Garasje kjem nærrare offentleg leidningsnett enn 4.0m. Det vert derfor krav om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett. Teknisk drift har vurdert dette og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på følgjande vilkår:
- Minste avstand mellom tiltak og kommunalt leidningsnett skal være minimum 2.0m.
 - Garasje skal være forsvarleg fundamentet slik at det ikkje er fare for utrasing/setningsskader på garasje ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp).
 - Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltaket (garasje) i samband med drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp). Skade som oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er kommunen utedokumentert.

Det vert i brev søkt om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningnett på 0.6 meter for søyler til carport. Teknisk drift vil ikkje gje løyve til å etablere slike søyler nærrare offentleg leidningsnett enn 1.5 meter. Søyler må derfor flyttast lenger inn.

Vedtak:



Teknisk drift har vurdert søknad om å få plassere søyler til carport nærmere offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4.0 meter. Vi vil gje løyve til dette på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant av carportsøyler og kommunalt leidningsnett skal være minimum 1.5 meter. Avstand til eigedomsgrense mot veg skal være minimum 1.0 meter. Avstand er sett for å sikre tilkomst til kommunalt leidningsnett og for å sikre at tiltak kan vedlikehaldast på eigen grunn.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett er at tiltak ikkje kjem i konflikt med siktsone til eigen avkjørsle. Tekniske krav til avkjørsle frå offentleg veg skal være stetta.
- Garasjedel av tiltaket skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av garasje ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp). Garasje skal være fundamentert under botn leidningsnett eller forankra (bolta) direkte på fjell. Søyler kan fundamenteras på vanleg måte.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp). Dersom det, som følgje av tiltakets plassering, oppstår skade på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkomande. Dersom det oppstår skade på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er eigar av garasje ansvarleg for å sørge for og påkoste utbetring av skadane.

Vedtak er endeleg og er fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser».

Vi gjer merksam på at det på gbnr 56/138 er sett opp mur som går over eigedomsgrense. Muren er plassert delvis over kommunalt leidningsnett.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjetil Eikefet
Siril Therese Sylta

Mottakarar:

Erlend Vaktskjold Fagervollen 37 5956 HUNDVIN